



MK FIX slik den står på ein slipp på Tertnes i Bergen.

Frå tid til anna dukkar det opp spørsmål om farty heimehøyrande i Uskedalen og som vart brukt i råstoffarten. Så langt vi kjenner til er MK HAUSTEN seld. Eit anna farty er MK FIX i Sigurd Arnesen si eige i perioden 1926 - 1935 og som no står på ein slipp på Tertnes i Bergen. FIX fekk seinare namnet TUNES, eigd av Gunnar Reigstad på Halsnøy, og gjekk i farktefarten fram til 1982. Ein med interesse for fartyvern etterspør om det kan finnast bilete frå tida i Uskedalen.

MK FIX var ein engelskbygd kutter med tverr hekk. Fartyet var over 60 fot (65,2 fot nøyaktig). Eigar i Uskedalen var Sigrud Arnesen i perioden 1926 – 1935 . Det var ruff forut med lugar, ruff akter med maskinrom og lugar ved styrehuset oppe.

FIX var rigga som galeas med to mastre, stormast og mesan. Skroget og skanseledning var svartmalt. Sigurd Arnesen kjøpte URD. Han tok 25 HK Rubb og styrehuset over på FIX.



[MK FIX](#) fekk seinare namnet TUNES og vart driven av Reigstad på Eidsvik frå 1942 til 1982.

Førar var Hjalmar Rød og med om bord var Kristoffer Hauge og Karl Rød. Sigurd Arnesen brukte FIX som føringsbåt for hermetikkfabrikken Concord. Fiskerimerke var H-59-12.

FIX var seld til Lars Eikeland på Valen. Han var brislingagent for eit Stavangerfirma og brukte FIX som agentbåt. FIX vart seld til Osterfjorden og fekk namnet TUNES.

Så vart fartyet ombygd og fornya over vannlinja, men beheldt den tverre hekken. TUNES fekk styrehus med bestikkklugar. I Reigstad si tid frå 1942 vart fartyet brukt i fraktefarten.

I 1990 vart TUNES overført til Bjarne Engen i Bergen og flytta til Tertnes.

Dersom nokon i Uskedalen har bilete eller utfyllande informasjon om den engelskbygde kutteren FIX, kan de kontakta uskedalen.no@gmail.com

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat

Kjelde: Frode Sæbø / Johannes Sunde (død)